

# Tid for ransakande dialog

Intervju med Oddbjørn Leirvik ved Solfrid Vartdal, *Sunnmørsposten* 27. juli 2011

– **Tida er inne for sjølvransaking. Vanskelege spørsmål om haldningar til islam og fleirkulturelle samfunn må stillast. innsyn i motiva til gjerningsmannen bak terrorangrepet i Oslo g på Utøya gjer det nødvendig.**

**TERRORANGREPET.** Det meiner professor i interreligiøse studiar, Oddbjørn Leirvik. Lenge før bomba og skota fall på fredag vart ålesundaren engasjert av Borgund Kyrkjeakademi til å halde føredraget «Kristendom og islam: konfrontasjon eller dialog? Det skjer under olsokfeiringa i Borgundgavlen komande fredag. I går kveld var Leirvik til stades under ei minnemarkering for ofra etter terrorhandlingane. Markeringa vart halden i ein moske i Oslo. Der var og mellom andre utanriksminister Jonas Gahr Støre og biskop Ole Christian Kvarme.

**Skremmande.** Oddbjørn Leirvik påpeikar at dei menneskelege sidene ved tragedien er dei aller viktigaste å ta hand om no den første tida, men alvoret i situasjonen gjer at vanskeleg politiske og religiøse spørsmål må reflekterast over.

– Temaet i føredraget har fått ein skremmande aktualitet. Ugjerninga ein mann har utretta er helt ubegripeleg. Vondskapen er i ein målstokk som overgår den vi har set til no. Samstundes viser terrorangrepa kva som kan skje når muslimar blir gjort til dødsfiendar. Anti-islamistiske handlingar i samfunnet må stansast, seier Oddbjørn Leirvik.

Gjennom internettsider og mediedekkinga av fengslingsmøtet av Anders Behring Breivik, har religionsprofessoren merka seg motiva gjerningsmannen har kome med for ugjerningane sine.

– Grunntrekka i tankegangen til tiltalte går på at europeiske politikarar har vore for ettergivande overfor innvandrarar og muslimar, og at muslimar har ein hemmeleg plan om å ta over Vesten. Dommedagstenking om at Europa står på randa av stupet, og at muslimar og islam som religion blir sett på som den største faren, kjem fram i manifestet Breivik har lagt ut på internett. Denne tankegangen gjer at han har retta terroren mot politikarar. Det var regjeringa og AUF som vart ramma, men og muslimar var skyteskivene hans, meiner Leirvik som og finn denne tankegangen mange andre stader.

**Breier om seg.** – Også i det norske samfunnet er det krinsar som snakkar om muslimar på same måten som udådsmannen. Det gjeld mellom anna på anti-islamistiske nettsider og opne nettsider til norske aviser som til tider framstår som «søppelkasser» for islamhat og hets mot annleistenkjande menneske. Den same anti-islamske haldinga finst og i enkelte konservative kristne miljø. Bøkene til den islamfiendtelege forfattaren Mark Gabriel blir lest av tusenvis av kristne også her til lands, påpeikar han.

Oddbjørn Leirvik meiner at konspirasjonsteorien om at muslimar er ute etter å ta over makta i samfunnet, og skepsisen til islam har gripe om seg i det norske samfunnet.

– Mitt inntrykk er at mange ikkje lenger reagerer på alle dei hatefulle utfalla mot muslimar. Kanskje er det sama mangel på haldningar og engasjement som gjorde at Anders Behring Breivik fekk planlegge og utføre terrorhandlingane utan at han vart fanga opp og stoppa? undrar religionsprofessoren.

**Samhald og dialog.** Oddbjørn Leirvik meiner at det dei siste tjue åra har vore eit tidsskilje i tenkninga kring islam.

– Etter kommunismens fall, tok islam for mange over rolla som vestens erkefiende. Samstundes voks det fram ei stadig aukande motrørsle som hegnar om eit fleirkulturelt samfunn. No er det desse to motsette tendensane som kjempar om overtaket i Norge, seier Leirvik som i 1993 var med å danne Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd.

– Tanken bak er å skape tillitskapande dialog og forståing mellom kristne og islamske leiarar, fortel han.

– Har det gitt resultat?

– Ja, arbeidet har ført til vi har utvikla ei felles forståing for å verne om utsette grupper, - det gjeld muslimar i Norge, og kristne minoritetar i muslimske land. Dialoggruppa gjorde og at kristne og muslimar kom fram til ei felles handling i karikaturstriden. Det gjorde at Norge klarte å løyse striden på ein mein forsonande måte enn til dømes Danmark, seier Leirvik som peikar på at korleis kristne og muslimar tolkar og praktiserer religionen sin på er tema som må gripast fatt i.

– Det finst både kristne og muslimske grupperingar som brukar religionen til å legitimere valdelege handlingar. Å endre slike handlingar er ei felles utfordring vi står overfor, meiner Leirvik.

**Framtidshåp.** Mitt i sjokket over dei grufulle terrorhandlingane i Oslo og på Utøya, meiner Oddbjørn Leirvik ta det er stor grunn til å glede seg over dei mange rose- og fakkeltoga som har samla menneske i hundretusental i norske byar og tettstader.

– Vi må ikkje bli for pessimistiske, oppfordrar Oddbjørn Leirvik og legg til:

– Dei siste dagane har vist at det store fleirtal av det norske folk har reist seg mot terror og vald. Kristne, muslimar og humanetikarar viser ein overveldande solidaritet, og står samla om det norske demokratiet på tvers av religion og politiske skiljelinjer. Det gir håp for framtida.